



Møte med Stortingsbenken

## NOTAT - Desentralisert sjukepleieutdanning

### Problemstillinga/utfordringa

Mangelen på sjukepleiarar i Noreg aukar og er eit stort trugsmål mot kommunane sitt behov for å gje gode helsetenester til innbyggjarane. Samla i Noreg manglar vi nesten 7.000 sjukepleiarar (NAV si bedriftsundersøking). Om denne trenden held fram vil vi mangle 28.000 sjukepleiarar i Noreg innan 2035 (SSB). I Vestland fylke var det i 2021 ein mangel på om lag 750 sjukepleiarar (NAV sine tal).

### Erfaringar med dagens opplegg for desentralisert sjukepleieutdanning

Sogn regionråd har tatt tak i utfordringa og gjennomført prosjekt over nokre år for å rekruttere til sjukepleieutdanning for vaksne gjennom desentralisert sjukepleieutdanning. Kandidatane er vesentleg unge kvinner og menn, 20- 30 år eller meir, som har tatt VGS, men ikkje skaffa seg utdanning, men som er i arbeid i kommunane. Dei utgjer eit stort potensiale for kommunane i arbeidet med å møte sjukepleiarmangelen.

Erfaringane viser at det er mogleg å rekruttere til slik utdanning, sjølv om mange av dei har familie og jobb. Ein del personar som ynskjer å kome inn på studiet er ikkje direkte kvalifisert til å søkje på studiet, men må gå vegen om kvalifisering, særleg i norsk og matte. Når sjølve studiet startar kjem studiet på toppen av den familiære situasjonen og jobben. Vi ser då at måten studiet er lagt til rette, er heilt avgjerande for gjennomføring.

Den einskilde kommune strekker seg i dag langt for å gje gode praktiske og økonomiske råmer for dei som er motivert til å gå inn på ei desentralisert utdanning.

### Kva ynskjer vi av endringar?

Ei desentraliserte utdanninga er direkte retta mot kommunalt tilsette som har ønske om å skaffe seg utdanning og helsefagarbeidarar som ynskjer å utvide kvalifikasjonane. For å kunne ta ut potensialet med vaksne som ynskjer å ta slik vidareutdanning til sjukepleiar, er det to utfordringar vi må løyse:

#### 1. Endra råmer for opptak til studiet.

- Norskfaget må vere tilpassa behovet i studiet. Krava til godkjent norsk for opptak er basert på 350 timar. Kravet bør vere langt lågare ved å redusere timar knytt til mellom anna norsk litteratur, litteraturhistorie, sjangerskriving m.m. Fokus må vere på norsk språk og rapportskrivning, målretta mot praktisk bruk i studiet og utøving av faget. Slik tilpassing finst det alt døme på til andre utdanningar.
- Legge til rette betre ordningar for støtteundervisning for dei som skal kvalifisere seg til studiet.
- Redusert krav til praksis for opptak på studiet. Ved å redusere kravet frå 2 til 1 års praksis, vil ein rakare få motiverte personar inn i ordninga. Viktigare enn lang praksis før opptak, er kvaliteten på praksisen gjennom studiet og fagleg rettleiing.

#### 2. Tilrettelegging av studietilbodet

- Den desentraliserte utdanninga må organiserast meir i bolkar på t.d. 3 dagar undervisning. For dei som bur i distriktet er tilrettelegginga i dag lite «desentral» ved at undervisninga skjer som timeundervisning med lange reiser og lite effektiv tidsbruk.
- Utforme gode digitale undervisningsopplegg som supplement til den fysiske undervisninga.
- Etablering av kollokviegrupper for studentane, t.d. som del av undervisninga i bolkar.
- Sikre økonomi til høgskulane for auka kostnadar ved endra organisering av undervisninga.
- Etablere konkrete pilotar i S & Fj. for start alt i 2023 for å vise kva for effektar vi kan få av andre råmer for desentralisert utdanning.